

Styremøte samlaget 4.september

Sted: Sykkylven skyttarhus kl 18:00

Desse møtte: Ola Vangen, Kjell Oddvar Frøysa, Ola Kåre Dybvik, Thor Aurdal

Desse møtte ikkje: Helge Hollund Surdal, Trine Ramsvik Stette, Gaute Aamlid

Sak 17/2019 – Evaluering korrespondanseskyting

Ikkje største engasjementet rundt korrespondanseskytinga i år. Dette kan vere fordi det er første gong det blir prøvd ut og treng tid til å sette seg litt. Styret diskuterte kva som eventuelt kunne gjere skytinga meir interessant.

Nokon av tinga styret vil sjekke opp meir om var:

Kan skytinga gjerast klassesettande?

Kan ein lage nokre fellesrundar for å unngå at all skyting blir på heimebane?

Ta tilbake serieskytinga slik som ho var og eventuelt redusere mengda med rundar?

Dette blir også satt opp som diskusjonssak på leiarmøtet som blir seinare i haust.

Sak 18/2019 – Igangsetting av valnemnda

Leiaren har sendt ut beskjed med oversikt over kven som er på val til valnemnda. Innstillinga til valnemnda blir tatt opp på siste styremøte før ombodsmøtet.

Sak 19/2019 – Heidersteikn

Styret diskuterte saka og vil sjekke opp om aktuelle kandidatar.

Sak 20/2019 – Innkalling ombodsmøte 2019

Innkallinga til ombodsmøtet skal sendast seinast 8 veke før møtet skal vere.

Innkome forslag skal vere innsendt seinast 4 veke før møtet startar og

saksdokumentata frå styret skal sendast ut til alle skyttarlaga seinast 2 veke før møtet.

Leiar kalla inn til ombodsmøte 8.desember på Stranda med frist for innkomne saker søndag 24. november.

Sak 21/2019 – Saker til ombodsmøtet

Styret har ikkje noko ekstra saker og kome med på saklista enn vanlege ombodsmøte saker i tillegg til eventuelle innkomne saker frå skyttarlaga. Saklista blir lagt med saksdokumenta til skyttarlaga.

Sak 22/2019 – Leiarmøte

Dei siste åra har styret kalla inn alle leiarane i skyttarlaga i samlaget til eit leiarmøte for å kunne diskutere saker og få innspel til ting styret må sjå nærmare på.

Leiar kalla inn til leiarmøte om kort tid.

Sakliste på møtet:

- Evaluering korrespondanseskyting
- Terminliste 2020
- «3-1» diskusjon

Sak 23/2019 – Terminliste, meisterskap 2020, Diskusjon «3-1»

Styret gjekk gjennom Sunnmør sine stemner for neste år. Desse er innsendt til kretsen og leiar skal i møte saman med resten av samlaga om kort tid for å lage til neste års terminliste.